

# **RØLDAL FJELLSTYRE**



## **ÅRSMELDING 2010**

### **INNHALD:**

- 1. Røldal statsallmenning**
- 2. Røldal fjellstyre**
- 3. Hytter og støler**
- 4. Villreinjakt**
- 5. Småviltjakt**
- 6. Fiske**

## 1. Røldal statsallmenning

Røldal statsallmenning ligg I Odda kommune I Hordaland fylke og er omlag 330 000 dekar høgfjell. Deler av allmenningen ligg innafor Hardangervidda nasjonalpark. Noko av allmenningen ligg sør for E-134 over Haukeli. Mykje av allmenningen ligg langt frå allfarveg. Fjellstyret har 3 hytter som allmogen kan nytta og 4 stolar.

## 2. Røldal fjellstyre

Fjellstyret har for perioden 2008 – 2011 følgjande samansetjing:

Leiar:	Magnus Solbakken	- vara: Svein Myrheim
Nestleiar:	Ingebjørg N. Seim	- vara: Olav Tveita
Styremedlem:	Helleik Rabbe	- vara: Håkon Sandal
Styremedlem:	Torleif Fresvik	- vara: Oddbjørn Lynghammer
Styremedlem:	Randi Legård	- vara: Ellen Drangevåg

Fjellstyret har hatt 5 styremøter i 2010 og handsama 31 saker. Magnus Solbakken vart sjuk hausten 2009 og Ingebjørg N. Seim tok over som leiar. Fjellstyreinformasjon ligg på [inatur.no](http://inatur.no) og på Sfh si heimeside. Sal av småviltjakt- og fiskekort er på bensinstasjon, turistinformasjon og turisthytte.

Røldal fjellstyre har følgjande samarbeidspartar:

### Samarbeidsorganet for fjellstyra på Hardangervidda (SfH).

7 fjellstyre er med i SfH.

Røldal fjellstyre

Odda fjellstyre

Ullensvang fjellstyre

Ulvik fjellstyre

Eidfjord fjellstyre

Øvre Numedal fjellstyre

Rauland fjellstyre.

Dorthe Huitfeldt er leiar i SfH .

### Noregs Fjellstyresamband (NFS).

Alle fjellstyra i Norge er med i NFS (92 fjellstyre).

Dorthe Huitfeldt er nestleiar i NFS.

### Hardangervidda fjelloppsyn as (HFas)

HF as er eigd av alle fjellstyra på Hardangervidda.

### 3. Hytter og støler

Hyttene kan nyttast av bygdefolk heile året. Hyttene er utstyrt omlag som ei turisthytte.

Hytteleige: Innanbygds: kr. 50,- pr. døgn

Utanbygds: kr. 100,-

Oppbevaringsboks: kr. 200,- pr.år

Hytteleige og bokseleiga betalast på bankgiro.

Fjellstyret køyrrer inn ved og gass på snøføre og hentar søppel.

#### Hytter:

##### **Ninive 1202 m.o.h**

Hytta ligg ved Holmavatnet ved stien som går til Litlos, er ca. 30 m<sup>2</sup> og har 6 senger.

##### **Eriksbu 1167 m.o.h**

Eriksbu finn me ved Hellevatnet like sør for Sandvikenuten, er ca. 35 m<sup>2</sup> og har 12 senger.

##### **Gamlebua 1167 m.o.h**

Hytta finn me i vestenden av Hellevatnet, like nord for turisthytta, er ca. 25 m<sup>2</sup> og har 6 senger.

#### Stølar:

##### **Ståvassvika 976 m.o.h**

Stølen ligg ved Ståvatnet på Haukeli søraust for foten av Sveigen. Der er fjøs, sæl og vedaskut. I mange år har eigedomen vert nytta til saubeite.

##### **Midtfjellsvollen 976 m.o.h**

Stølen ligg ved Ulevåvatnet på Haukeli. Fjøs, sæl og vedaskut av god kvalitet. Det er plass meir enn 100 geiter. Drift med geit kvar sommar.

##### **Hadlene 976 m.o.h**

Ein modernisert støl med stort fjøs og kokeanlegg for ost ved Ulevåvatnet. Gammelt sæl, vedaskut og agrethus, samt ei lita hytte. Drift med ku og geit (gris) kvar sommar.

##### **Ulvabotnen 976 m.o.h**

Stølen ligg ved vestenden av Ulevåvatnet. Der er fjøs, sæl og vedaskut. Alternativ drift med høner og gris.

## 4. Villreinjakt

### Tildelt kvote 2010

#### Syd for E- 134

1 bukk

1 simle/ungdyr

1 simle og 2 kalvar

#### Nord for E-134 ( Hardangervidda)

17 simle og kalv

33 simle/ungdyr

17 fritt dyr

Felling for 2010 blei 32,5 %

### Priser på fellingsløyve av rein

Fritt dyr kr. 1200,- ( 2400,-) utanbygds

Simle/ungdyr kr. 900,- ( 1800,-)

Kalv kr. 400,- ( 800,-)

### Samjaksavtaler

Røldal fjellstyre har gjensidig samjaksavtale med HA 290 og HA 300 under heile jakta. Samjakt med Ullensvang på avgrensa areal frå 1. September.

Avgrensa høve til overføring av jaktkort.

Refusjons- og vidaresalsordning i løpet av jakta.

## 5. Småviltjakt

Det vart gjeve løyve til småviltjakt utan hund f.o.m 20. September

#### Prisar:

1 dag kr. 200,-

2 dagar kr. 300,-

3 dagar kr. 400,-

Veke kr. 600,-

Sesong kr. 600,- ( innanbygds) 1200,- (utanbygds)

Svært få fangstrapporatar er motteke. Generelt inntrykk og noko markundersøking tilsier svært få felte ryper.

## 6. Fiske

### Prisar:

#### Garnfiske

Sesong           kr. 250,- ( innanbygds: + stong)

#### Stong

1 døger           kr. 50,-

3 døger           kr. 100,-

Veke               kr. 150,-

Sesong:           kr. 300,-

Garnfiske i Uravatnet har vore fritt då me slit med for mykje fisk. Elles på allmenningen gjeld opptil 5 garn.

Me har felles fiskekortordning med dei andre fjellstyra på Hardangervidda.



Røldal, 13. juni 2011

-----  
Ingebjørg N. Seim